

Oppdragsgjevar: **Statens vegvesen**

Oppdragsnr.: **5205829** Dokumentnr.: **N001**

Til: SVV
Frå: NO
Dato: 2022-02-08

► OPPSTART AV PLANARBEID. E134 ØLEN–MØRKELI


BAKGRUNN FOR PLANARBEID

Formål med planarbeidet

Statens vegvesen skal utarbeida reguleringsplan for oppgradert E134 mellom Ølen i Vindafjord kommune og Mørkeli i Etne kommune. Dette notatet er utarbeidd som grunnlag for oppstartsmøte med kommunane. Føremålet med planarbeidet er å oppgradera eksisterande E134 mellom Ølen og Mørkeli for betra trafikktryggleik. Vegstrekket har ikkje tilfredsstillande breidde, grøfteprofil, kurvatur og siktilhøve i dag.

Planområdet

Strekninga som skal regulerast er E134 mellom Ølen og Mørkeli, markert med rosa og raudt i figuren under. Mørkelikrysset blei nyleg oppgradert. På sikt er det også aktuelt å oppgradera strekninga mellom Mørkeli og Gjerde, vist med blått i figuren, men denne strekninga er ikkje del av dette planarbeidet. Statens vegvesen har finansiering for strekninga mellom Tveit og Mørkeli (raud strekning), men ikkje for Ølen – Tveit (rosa strekning). Ølen – Tveit er likevel med i planarbeidet, for å sikra ei gjennomgåande løysing.



Figur 1 Ulike vegstrekningar som etter kvart skal utbetrast. Rosa og raud strekning inngår i dette planarbeidet. Illustrasjon: Norconsult AS

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Dagens vegstandard

Strekninga mellom Ølen og Tveit har gul midtstripe i dag, medan strekninga mellom Tveit og Mørkeli manglar gul midtstripe.




Figur 2 E134 ved Fikse, sett frå Etne til Vindafjord. Foto: Google Maps

Mellom Ølen og Mørkeli varierer vegbreidda mellom 5,5-6,5 meter. Fartsgrensa varierer mellom 60-80 km/t. Vegen har i dag vanskelege siktforhold både langs vegen og i fleire kryss og avkøyrslar, uheldig kurvatur og smalt grøfteprofil mange stader. Trafikkmengda er oppgitt å vere ÅDT 3800, med 15 % store køyretøy. Det er registrert fem ulukker langs strekninga dei siste 10 åra.

PLANLAGDE TILTAK

Bakgrunnen for planarbeidet er å fastsetje arealbruk for ei meir trafikksikker vegstrekning med betre framkomme (80 km/t) gjennom punktutbetring. I punktutbetningsprosjekt legg ein til grunn å tilpassa løysingane best mogleg til dagens veg, slik at kostnader vert halde så låge som mogleg. Slik kan ein utbetra meir veg, og oppnå meir trafikktryggleik for pengane. Framtidige trafikkprognosar og normalkrav som vert lagt til grunn ved bygging av ny veg er ikkje styrande i slike prosjekt. I planarbeidet legg ein til grunn forsterka midt- og kantoppmerking med ein samla vegbreidde på 8,0 meter, sjå Figur 3.




Figur 3 Utbetra E134 vert planlagt med forsterka midt- og kantoppmerking.

Etablering av forsterka midtoppmerking (FMO) er eit godt trafikktryggingstiltak for å redusera alle typar trafikkulukker langs vegen, særskilt dei ulukkene der ein førar kjem over i motgåande køyrefelt. Når det gjeld kurvatur er det ynskjeleg å med minste horisontalkurveradius på 250 m.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Planlagt grøfteprofil og sideareal

Utbedringa av vegen vil hovudsakleg skje som breiddeutviding av dagens veg langs sør-/austsida av vegen, og berre ved nokre krappe kurver er det planlagt noko større avvik frå eksisterande veg. I tillegg til breiddeutviding må grøfteprofillet utvidast både på grunn av farleg sideterreng, betre siktforhold og for betre handtering av overvann og snø. Strekninga nordaust for Olalikrysset («bakketoppen», profil 3650-3820) er allereie tilrettelagt for breiare vegprofil.



Figur 4 Normalprofil som vert lagt til grunn langs utvida E134 (smalare løysing i raudt handterer overvatn, nedfall frå skjeringar og snø dårlegare, og er i utgangspunktet ikkje tenkt brukt som hovudløysing).

GJELDANDE PLANAR


Strekninga er frå før ikkje regulert i reguleringsplan, med unntak frå kortare strekningar der det er utarbeida reguleringsplanar for næring og bustad med direkte tilkomst til E134.

I kommuneplanen er strekninga sett av til LNF-areal i både Vindafjord og Etne kommunar. I Vindafjord er også delar av strekninga vist med omsynssone for landbruk (kjerneområde landbruk), aktsemd for skred, omsynssone for flaum, samt omsynssone for støy. Kommuneplanen for Etne kommune er av eldre dato, og har ikkje definert tilsvarande omsynssoner.

Gjennom begge kommunane strekk det seg ein framtidig trasé for ny E134 – vist i kommunedelplan for E134 Bakka-Fikse i Etne kommune og i kommunedelplan for E134 Bakka-Solheim i Vindafjord kommune. Kommunedelplanane fylgjer eksisterande E134 på strekninga mellom Olalivegen og midtvegs mellom Fikse og Mørkeli. Planarbeidet ein nå startar opp vil dermed overlappa planområdet til gjeldande kommunedelplanar på denne strekninga.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

I kommunedelplanane er det sett av ei minimum 100 meter brei sone for bandlegging langs framtidig vegtrasé (omfattar heile planområda, vist med raudt i figuren under). Innanfor sonene kan det etter føresegnene «[...] ikkje gjerast tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskelegare eller dyrare. Tiltak på terrengnivå over tunnel minimum 50 m innan tunnelportalane, er lov. Tiltak under terrengnivå som kan gjere etablering eller drift av tunnelane vanskelegare eller dyrare er ikkje lov.» (henta frå føresegnene til planane).



Figur 5 Kommunedelplan for E134 Bakka-Fikse (t.v.) og kommunedelplan for E134 Bakka-Solheim (t.h.) der dei overlappar eksisterande trasé for E134. Henta frå Kommunekart.com.

INTERESSER I PLANARBEIDET

Landskapsbilete

Størsteparten av vegstrekninga er registrert som «relativt åpent dallandskap under skoggrensen med bebyggelse/infrastruktur» i Natur i Norge (NiN). Slike område blir blant anna skildra til å ha eit tydeleg preg av menneskeleg påverknad og der meir enn 2 km² eller ein fjerdedel av området har spreidd busetnad, gardsbruk, næringsområde, større samferdselsanlegg med meir. Vegstrekninga mot Etne i nordaust er registrert som «relativt åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur», der arealbruken er mykje den same, men der landskapet opnar seg mot fjorden i større grad. Vegstrekninga mot Ølen i vest er registrert som «relativt åpent fjordlandskap med tettsted og høyt jordbrukspreg», og er skildra til å ha eit tydeleg preg av intensiv arealbruk, der jordbruk dominerer.


Det er ikkje registrert kulturlandskapsområde langs traseen. Nærmaste område som er registrert i *Viktige landskap i Rogaland* er Olaliområdet, nesten 1 km søraust for E134.

Utbetringa av E134 baserer seg hovudsakleg på eksisterande trasé, og terrenginngrepa vil vera minimale. Likevel er det nokre stader lagt opp til ei oppretting av kurvatur, som vil medføra eit større terrenginngrep.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Friluftsliv / by- og bygdeliv

I Naturbase er det registrert fleire friluftslivsområde både sør og nord for E134, men berre tilkomstvegen til Oppheim/Olalia og den tidlegare nemnde postvegen ligg rett i nærleiken av vegstrekninga.




Figur 6 Registrerte friluftslivsområde langs E134. Henta frå Naturbase.

Naturmangfald

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i nærleiken til E134 på strekninga. I 2021 er det gjort NiN-kartlegging sør for E134 fram til kommunegrensa utan at det er påvist viktige naturtypar tett på vegen. Det er heller ikkje påvist at ei vegutbetring vil kome i konflikt med viktige leveområde for raudlisteartar. Det må takast omsyn til at skogen mellom Etne og Ølen er leveområde for hjort og eit hjortetrekk kryssar E134 ved fylkesgrensa.

Oselva har anadrom strekning (dvs. mogleg oppgang av laks og sjøaure heilt til Fikse. Det må i anleggsfasen takast omsyn til Oselva med sidebekkar som gyteområde. Fleire elver og sidebekkar kryssar vegtraséen. Det må dermed søkast om løyve til fysiske tiltak i og langs vassdrag. Utbetringa medfører inngrep i vassdrag oppstrøms vandringshinder for sjøaure i Oselva og Etne-elva. Det må gjerast ei vurdering av om utbygginga kan få verknader for den lakseførande delen av vassdraget.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001



Figur 7 Registrerte naturtyper rundt E134. Henta frå Naturbase

Dei framande artane parkslirekne, hagelupin, skogskjegg og vestamerikansk hemlokk er i Artsdatabanken registrerte med førekomstar langs strekinga, og alle er rekna som å ha svært høg risiko, noko som betyr at dei kan ha stor økologisk effekt og stort invasjonspotensiale og som må takast omsyn til i anleggsfasen for å unngå vidare spreiding.


Tiltaket ligg oppstrøms Oselva i Ølen, som er ei lakseførande elv, og ligg oppstrøms vandringshinder for sjøaure i Oselva i Ølen. Den viktige naturtypen brakkvannsdelta, er også registrert i utløpet av elva. Det må gjerast ei vurdering av om utbygginga kan få verknader for den lakseførande delen av vassdraget og eventuelle verknader for brakkvannsdeltaet. I samband med byggesøknad har det blitt utarbeida eit fagnotat som syner kva verknader utbetringa vil ha for fiskebiologien i vassdraga som blir kryssa. Notatet konkluderer med at det ikkje er behov for å gjera tiltak ved dei tre undersøkte områda i Etne kommune, medan det ved områda i Vindafjord blei anbefalt å gjera tiltak ved fem av dei. Funna i notatet er lagt til grunn for dei skisserte løysingane, og vil også vera grunnlag for det vidare planarbeidet.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Kulturarv

Om lag 100 meter sør for E134 ved Dørheim, er det i Kulturminnesøk registrert to automatisk freda gravminne, eitt frå jernalderen og eitt frå steinalderen. Skissene til utbetring av E134 legg opp til at veggen i dette området skal utbetrast i same trasé som dagens veg, slik at arbeidet ikkje vil kunna få konsekvensar for dei to automatisk freda kulturminna.

Langs nordsida av E134 ligg den gamle postvegen mellom Ølen og Etne, som er kommunalt listeført i Vindafjord kommune og registrert som den kommunalt verneverdige Stavangerske Postvei i Etne kommune. Postvegen ligg i god avstand frå E134, men ved Oppheim ligg E134 i dag så tett som under 100 meter i avstand frå postvegen, og nokre stader nærmare. Postvegen er også ein trasé for friluftsliv, med eit krigsminne (omtala som «tyskarbunkeren», ikkje registrert som kulturminne) på Fikse er eit turmål. Postvegen går vidare gjennom masseuttaket på Fikse, tett opp mot E134, før postvegen sporar av i nordleg retning mot Etne.



Figur 8 Kulturminne i området. Henta frå Temakart Rogaland

I dei områda der utbetringa av E134 nærmar seg postvegen er det ikkje skissert opp justering av vegtrasé, berre utviding av veggen i samsvar med vald normalprofil, og utbetringa av veggen skal kunna unngå å direkte råka postvegen. Nord for kommunegrensa (i Etne kommune) er det eit særskilt kritisk punkt der postvegen ligg heilt nær E134, men på eit lågare nivå.

Elles må planarbeidet ta omsyn til innspel som kjem frå fylkeskommunane, som har sektoransvar for kulturminne.


Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Naturressursar

Planområdet omfattar område som er avsett til LNF-areal i begge kommunar. På delar av arealet som ligg i Vindafjord kommune er det også i kommuneplanen lagt inn ei omsynssone som utgjør kjerneområde for landbruk, med følgjande føresegner (§6.2.1):

- Ved tiltak innfor denne sona skal omsynet til landbruk, fisk/fiske og akvakultur stå i fokus. Dette gjeld ved praktisering av alt lovverk som kommunen forvaltar.
- Tiltak som forringar landbruksinteressene skal i utgangspunktet ikkje tillast. Særleg skal ein søkja å unngå tiltak som splittar opp landbruksjord eller forringar driftsgrunnlaget på det enkelte bruket.
- Dersom det skal bli gitt løyve til tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempane.


Figuren under syner registrert (AR50) innmarksbeite med gult, fulldyrka og overflatedyrka jord med oransje, og dyrkbar jord med raud skravur. Særskilt på delen av traséen som går i Vindafjord kommune er det mykje jordbruksareal, men det er også noko dyrkbar jord på nordsida av vegen på Etne si side av kommunegrensa.



Figur 9 Jordbruksareal og dyrkbar jord (AR50). Henta frå NIBIO Kilden.


Det er registrert grusressursar vest for planområdet, ved Nerheim (oransje i figuren under), og pukkrressursar ved næringsområdet på Fikse (rosa i figuren under)

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
 Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001



Figur 10 Ressurskart for grus og pukk. Henta frå NGU

Den delen av vegstrekninga som ligg i Vindafjord kommune er registrert til å ha avgrensa potensiale for grunnvatn (lyseblått i figuren under). Det er også registrert borehol til grunnvatn (fjell) fleire stader langs traséen.



Figur 11 Kart med område med potensiale for grunnvatn og registrerte borehol. Henta frå GRANADA

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) legg føringar for kva tid ein skal gjera støyutgreingar ved planlegging av ulike typar bygg og anlegg. For endring og utbetring av eksisterande anlegg, der ein kan venta eit auka støynivå på minst 3 dB som følgje av endra geometri, auka fartsgrense, auka kapasitet, auka andel tungtrafikk eller endring av støyskjermar og støyvollar, skal det gjerast støyutgreiing som om det er eit nytt veganlegg. Dersom slike endringar fører til eit auka støynivå på 1-2 dB skal det gjerast ei kost/nytte-vurdering med omsyn på støytiltak.

Utbetring av E134 vil ikkje gi auka trafikkmengd eller vesentleg endra støysituasjon på strekninga. I planarbeidet vil ein utarbeide støysonkart for å kontrollere at endringane som prosjektet gir ikkje fører til ein forverra støysituasjon samanlikna med i dag. Punktutbetningsprosjekt som dette har ikkje rammer som gir rom for omfattande støytiltak. Utløysing av slike tiltak vil føre til at slike prosjekt ikkje er gjennomførlege innanfor avsette kostnadsrammer.

Ureining til luft, jord og vatn

Lokal luftforureining er ikkje vurdert å vere eit særskilt problem i planområdet i dag, og tiltaket vil ikkje forverre eller forbetre situasjonen.

Det er ikkje registrert område med mistanke om forureina grunn langs eller nær traséen. Det betyr ikkje at det ikkje kan vera forureina grunn i området. Moglege område det det *kan* vera mistanke om forureina grunn er ved bensinstasjonen Tanken ved Fikse, ved ein mogleg massetipp på Tveit, og eventuelt ved masseuttaka på Fikse. Dette må vurderast nærmare i planarbeidet.

Massehandtering

Utbetringa av vegen vil gi eit masseoverskot. Samstundes vil noko eksisterande jordbruksareal gå tapt. Det er eit ynskje å bruka overskotsmassane slik at ein delvis eller heilt erstatta jordbruksareal som går tapt, andre stader. Dette vil ein avklara i det vidare planarbeidet.

Ein måte å finna gode stader å nytta overskotsmassane, kan vera å gjennom oppstartvarselet informera om at utbygginga vil generera slike massar, og at ein tek mot tips om kor dei kan nyttast.

VURDERING AV BEHOV FOR KONSEKVENsutGREIING

Plan- og bygningslova §4-2 (2) gir at ved «[...] reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkningar for miljø og samfunn.».

Dei vidare føringane for kva reguleringsplanar som skal ha konsekvensutgreiing går fram av forskrift om konsekvensutredningar (KU-forskrifta). Forskrifta §4 pålegg forslagsstillaren å vurdere om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta §§6-8.

Ei gjennomgang av forskrifta med tilhøyrande vedlegg syner at planarbeidet ikkje fell innanfor definisjonen av planar som utløyser krav om konsekvensutgreiing etter §§6 og 7. Det må dermed gjerast ei vurdering etter forskrifta §8.

§8 Planar som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

§8 seier kva planar som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknader etter §10, men ikkje ha planprogram eller melding. Bokstav a) omfattar reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II som skal

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

handsamast etter plan- og bygningsloven. Unnataket er dersom det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i tidlegare plan.

Utbetringa av E134 mellom Ølen og Mørkeli er ikkje frå før vurdert gjennom kommunedelplan eller reguleringsplan, og bokstav a) gjer seg dermed gjeldande, jf. vedlegg II punkt 10e). Planarbeidet må dermed vurderast opp mot om det kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

§10 Vurdering av om planarbeidet kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Når ein vurderer ein plan etter forskrifta §10 skal ein vurderer korleis eigenskapane ved planen, lokalisering og påverknad på omgjevnadene. Forskrifta listar opp åtte moglege konfliktområde. Tabellen under syner plankonsulent si vurdering av dei åtte konfliktområda. Vurderinga er gjort med bakgrunn i gjeldande kunnskapsgrunnlag om planområdet og tiltaket, samt med bakgrunn i Klima- og miljødepartementet (2017) sin rettleiar *Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter §10 i forskrift om konsekvensutredninger*.

Konfliktområde i forskrifta §10 (2)	Vurdering
a) Verneområde (nml. kap. V eller markalova §11), utvalde naturtypar (nml. kap. VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.	<p>Det er ingen naturvernområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar eller verna vassdrag i området (Naturbase).</p> <p>Etnefjorden og Ølsfjorden er nasjonale laksefjordar, men Oselva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag (Fiskeridirektoratet). Det er frå før gjort ei kartlegging av fiskevandring i vassdraga langs planområdet, der det er definert tiltak som kan gjerast for å betra forholda i vassdraga. Utbetringa av E134 vil ikkje kunna føra til ei forringing av Etnefjorden og Ølsfjorden</p> <p>Det er ingen kulturminne i området som er freda etter kulturminnelova (Kulturminnesøk). Dei nærmaste kulturminna ligg 100 meter sør for E134, og utbetringa vil ikkje kunna føra til konsekvensar for dei.</p>
b) Trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar og område som er særleg viktige for friluftsliv	<p>I Artsdatabanken er dei trua fuglane vipe og gulvspurv registrert nær E134, men det er ikkje oppgitt kva aktivitet som er observert. Elles er det også observert andre trua fugleartar i større avstand frå vegen. Det er ikkje registrert andre trua artar eller naturtypar i nærleiken. Planarbeidet medfører ikkje ein heilt ny veg, men i all hovudsak ei utbetring av eksisterande trasé. Dei stadene der det er planlagt ei omlegging av traséen i krappe kurver, er det ikkje registrert trua artar.</p> <p>Den gamle postvegen er kommunalt listeført (Vindafjord) og kommunalt verneverdig (Etne), men postvegen er ikkje regulert eller sett av til bevaring gjennom gjeldande planverk. Postvegen er også registrert som høvesvis svært viktig og viktig friluftslivsområde i Vindafjord og Etne kommunar. Det vil vera mogleg å unngå direkte inngrep i postvegen, og det blir vurdert til at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Omsynet til postvegen vil likevel vera eit viktig tema i det vidare planarbeidet.</p>

	Planområdet er ikkje registrert som verdifullt landskap, og det er ikkje registrert nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar langs traséen.
c) Statlege planretningslinjer, statlege eller regionale føresegner gitt i medhald av pbl.	Utbetringa av E134 er ikkje i strid med statlege planretningslinjer eller statlege/regionale føresegner.
d) Større omdisponering av område avsett til LNFR-areal eller område regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd	<p>Sjølv om planområdet ligg i område avsett til LNF, vil utbetringa av E134 i all hovudsak skje i eksisterande trasé. Noko landbruksareal vil likevel bli omdisponert til sideareal eller vegareal der ein rettar opp krappe kurver, og ikkje alt arealet kan opparbeidast til landbruksareal igjen. Delar av strekninga som ligg i Vindafjord kommune er også definert som kjerneområde for landbruk.</p> <p>Sjølv om planområdet strekk seg i om lag 6 km, blir det vurdert til at den omdisponeringa som vil skje frå landbruksareal til veg- og sideareal ikkje vil ha stor betydning for landbruksverksemda i området, og at det ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta. Dette vil likevel vera eit viktig tema i planarbeidet.</p>
e) Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskridne	Oselva, sideelvane/-bekkane og Ølsfjorden er registrert med moderat økologisk tilstand. Utbetringa av E134 skal i all hovudsak skje i dagens trasé og det skal ikkje vera avrenning frå E134 og ut i vassdraga.
f) Konsekvensar for befolkninga si helse, t.d. som følgje av forureining til luft/vatn	Utbetringa av E134 vil ikkje føra til konsekvensar for befolkninga si helse.
g) Vesentleg forureining eller klimagassutslepp	<p>Det er ingen område med kartlagt mistanke om forureina grunn. Vidare utgreiing av fara for forureina grunn vil vera del av ROS-analysen.</p> <p>Utbetringa av E134 vil ikkje i seg sjølv føra til auka trafikk, og vil såleis ikkje føra til vesentleg auke i forureining til luft eller til ei vesentleg auke i støynivå. Det skal likevel gjerast ei støyutgreiing, som følgje av at traséen blir noko endra.</p>
h) Risiko for alvorlege ulukker som ei følgje av naturfarar	Delar av strekninga ligg innanfor aktsemdsområde for flaum tilknytt bekkar og elver, og delar ligg innanfor aktsemdssone for jord- og flaumskred. Nokre stader er det også angitt aktsemdsområde for snøskred og steinsprang (NGI). Delar ligg under marin grense. Desse naturfarane vil bli vidare utgreia i ROS-analysen, og planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnr.: 5205829 Dokumentnr. N001

Gjennomgangen av planområdet, tiltaket planarbeidet legg opp til og kva risiko det utgjør for omgjevnadene, er det vurdert til at planarbeidet ikkje kan få vesentlege verknader etter §10 og dermed ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta §8 bokstav a).

Konklusjon

Etter ei vurdering av forskrift om konsekvensutredninger §§6-8 er det konkludert med at planarbeidet for utbetring av E134 Ølen-Mørkeli ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Planskildringa skal likevel avdekkja verknader av planen, jf. pbl. §4-2 (1), og gjennomgangen syner at følgjande tema vil vera viktige å omtala i det vidare planarbeidet:

- Postvegen Ølen-Etne som friluftslivsområde og kulturminne
- Omdisponering av landbruksområde
- Handtering av overvatn til eksisterande vassdrag
- Støy
- Aktsemdsområde for skred, flaum og marin grense

J01	2022-02-08	Grunnlag for oppstartsmøte	KRHST	OYSKO/NEMOL	LRK
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.